



Arkivnr: 2015/203-4
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Låneopptak 2015 - I

Samandrag

Til finansiering av deler av budsjetterte investeringar i 2015 vert det teke opp eit 7-års obligasjonslån på 500 mill. kr. Renta er fast, 1,80 % i 7 år.

Vedtak

Det vert teke opp eit 7-års obligasjonslån på 500 mill. kr, tilrettelagt av Danske Bank Markets. Renta er fast i heile perioden, nominelt 1,80 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Nils Vetlesand
Konst. fylkesdirektør økonomi


Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.02.2015

Det er i 2015 budsjettet med bruk av 1 302,7 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. Det er sannsynleg at det vil bli gjort budsjettendringar gjennom året, slik at denne summen kan endre seg.

Ein legg opp til å ta opp 3 lån gjennom året, og startar no med eit lån på 500 mill. kr.

Lange renter har vist eit markert fall det siste året. Diagrammet nedanfor viser utviklinga i 7 års swap-rente. Ein har mange gonger tenkt at no må botnen vere nådd, men renta har falle til stadig lågare nivå.



I følge finansreglementet skal ein ha fast rente på mellom 40 % og 60 % av låneporteføljen. Ved årsskiftet hadde 56 % av låneporteføljen fast rente. Om ein no tek opp eit nytt fastrentelån på 500 mill. kr, vil andelen fast rente kome opp i 58,6 %.

Med den høge lånegjelda fylkeskommunen har, har ein lagt vekt på å sikre seg mot renteoppgang. For tida betaler ein lite ekstra for å binde renta i t.d. 7 år samanlikna med å ha flytande rente. Fylkesrådmannen vil difor nytte høvet denne gongen til å ta opp eit obligasjonslån med fast rente i 7 år.

Bergen Capital Management har i dag gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det kom inn slike tilbod på 7-års obligasjonslån med fast rente:

	Nominell rente
Danske Bank Markets	1,800 %
Nordea / SEB	1,800 %
DNB Markets	1,828 %
Swedbank	1,910 %

Det var jamt mellom Danske Bank Markets og Nordea Markets / SEB Merchant Banking, men Danske Bank Markets har lågast kontoførargebyr. Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Danske Bank Markets.